

Tittel:	Korleis vera ein kritisk kompetent deltakar i ordskiftet?				
Fag:	Norsk	Trinn:	9.trinn	Estimert tid:	Ei økt
Dato:	2020				

Kritisk refleksjon	Overordna del av læreplanen: «1.3 Kritisk tenking og etisk bevisstheit. Skolen skal bidra til at elevane blir nyfikne og stiller spørsmål, utviklar vitskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk bevisstheit.»	
	Dialogisk praksis: Lenke til 18 punkt	<u>Dei fire ferdigheitene.</u>
	Desse punkta har eg fokusert på i dette undervisningsopplegget:	Logiske/språklege
	Elevane møtte alle 18 punkta.	Kreative
		Ansvarlege
Metakognitiv		

Kjerneelement	Kritisk tenkning Munnleg kommunikasjon Språkleg mangfold
Tverrfagleg tema	<p>Folkehelse og livsmeistring: «I norsk handler det tverrfaglige temaet folkehelse og livsmeistring om å utvikle elevenes evne til å uttrykke seg skriftlig og muntlig. Dette gir elevene grunnlag for å kunne gi uttrykk for egne følelser, tanker og erfaringer, noe som er viktig for å håndtere relasjoner og delta i et sosialt fellesskap...»</p> <p>Demokrati og medborgarskap: «I norsk handler temaet demokrati og medborgarskap om å utvikle elevenes muntlige og skriftlige retoriske ferdigheter, slik at di kan gi uttrykk for egne tanker og meninger og delta i samfunnsli og demokratiske prosesser. Gjennom kritisk arbeid med tekster og ytringer øver elevene opp evnen til kritisk tenking og lærer seg å håndtere meningsbrytninger gjennom refleksjon, dialog og diskusjon».</p> <p>Bærekraftig utvikling: «... Gjennom å møte fagets tekstmangfold, lese kritisk og delta i dialog, kan elevene utvikle evnen til å forstå og håndtere meningsmotsetninger og interessekonflikter som kan oppstå når samfunnet endres i en mer bærekraftig retning»</p>
Kompetansemål	<p>Nytta fagspråk og argumentera sakleg i diskusjonar, samtaler, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema.</p> <p>Informera, fortella, argumentera og reflektera i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakarar og medium.</p>
Grunnleggjande ferdigheiter	Munnlege ferdigheiter Å kunne lese



Læringsaktivitetar:

Konkret mål for økta: at elevane skulle gjera seg kjent med dei 18 delelementa i den gode dialogen, i tillegg til å vidareutvikla eit felles språk om kva kritisk kompetanse er (logiske, ansvarlege, kreative og metakognitive ferdigheiter).

Det konkrete målet for økta er ein del av eit større mål: Det er eit mål at dette felles språket skal gjera det meir konkret å snakka om korleis ein kan bidra konstruktivt, både munnleg og skriftleg, i meiningsbrytingar og ordsiftet i samfunnet. Å bli kjent med dei 18 punkta for dialogisk praksis, kan gjera vurderinga av eiga og andre si deltaking og bidrag, enklare å forstå seg på. Bidreg nokon til ei samlande felles forståing, kor ulike meiningar får koma fram på konstruktivt vis, eller er ein ute etter å splitte og herske?

Aktivitet for økta:

1) Felles dialog med tankekart på tavla. Få fatt i kvifor elevane meiner kritisk kompetanse er viktig og kva kritisk kompetanse er. Lærar lei dialogen, og elevane deler det dei tenkjer på. I midten av tankekartet står det «Kritisk kompetanse».

2) Lærar introduserer elevane for dei fire delferdigheitene: logiske, ansvarlege, kreative og metakognitive ferdigheiter. Denne delen er meir lærarstyrt. Tek utgangspunkt i det elevane har kome med, og knytter dette til dei 4 ulike ferdigheitene og dei 18 delelementa i den gode dialogen. Desse punktene heng visuelt på veggen i klasserommet.

3) Ift Vygotskij – å setta ord på kva ein tenkjer er utviklande for tanken. Nokre gonger diskuterer me med oss sjølv, andre gonger deltek me i felles diskusjonar. Korleis bør ein gå fram om ein ønskjer å bli lytta til og tatt på alvor? Dette er grunngevinga for kvifor elevane skal gjera oppgåva dei nå skal gjera. Dei 18 punkta blir lagt ut på golvet, 18 lappar, eitt punkt på kvar lapp. Elevar stiller seg i ring rundt lappane. I midten av ringen ligg og to plakatar med teksten «indre dialog» og «ytre dialog». I tur og orden tar elevane opp ein lapp og seier om dei tenkjer den høyrer heime under «indre dialog» eller «dialog i plenum» og kvifor dei tenkjer det. Målet med øvinga er dobbel:

A) Gjera elevane kjent med dei 18 ulike delelementa i den gode dialogen.

B) Gje elevane og meg som lærar, ei felles forståing av kva punkta handlar om.

4) Etter at elevane har plassert dei under «indre dialog» og «dialog i plenum», skal dei evaluera si eiga dialogiske deltaking. Målet er å skape medvit om deltakinga i klasserommet og viktigheita av å evna å delta i ein dialogisk praksis, men vel så mykje utanfor klasserommet når dei gjer meir sjølvstendige vurderingar av kva reglar som skal gjelda for samhandlinga.

Vurdering:

Elevane blei gjort kjent med vurderingsskjema med dei 18 punkta for dialogisk praksis. Desse punkta heng i klasserommet, og kan vidare vera ei felles hugseliste for korleis ein kan bidra til eit godt dialogisk klima i læringssituasjonar i klasserommet. I denne økta foretok elevane ei eigavurdering. Me gjorde vurderinga etter at me hadde gjort øvinga i ringen, så me hadde snakka oss gjennom alle punktene. Me tok likevel for oss eitt og eitt punkt når elevane skulle vurdere seg sjølv.

Ressursar:

Til denne øvinga, blei det nytta konkretiseringsmaterieill knytt til dei 18 punkta for dialogisk praksis og kritisk kompetanse, samt to plakatar som viser *indre* og *ytre* dialog. Konkretiseringsmaterieillet er tenkt som støtte i eksplisitt undervisning i kva som preger den gode dialogen.

Omgrep:

Sentrale omgrep:
Ordsiftet
Kritisk kompetanse
Logiske ferdigheiter
Kreative ferdigheiter
Ansvarlege ferdigheiter
Metakognitive ferdigheiter
Indre dialog
Ytre dialog

Eg som lærar gjorde og ei samla vurdering, og valde ut nokre punkt som det var naturleg at me har ekstra fokus på i undervisningsøktene som kjem.

Etterkvart kan me leggja opp til øvingar kor elevane kan observera kvarandre og gje tilbakemelding på kva medelevar er gode på og kva ein me fordel kan justera. Me kan då laga situasjonar som liknar på settingar dei kan møta på i livet, og reflektera korleis det er lurt å gå fram, for å få fram poeng ein meiner er viktige.

